



27.09.2016

## Referat frå foreldremøtet haust 2016

*Referent: Lena Stai Bolstad og Eli Hansen Moen*

### **Kl.18.00 Barnehagen, møterom i samfunnsbygget**

#### **Sak 1: Luster barnehage 2016-17**

- Oppstarten: God innkjøring/ oppstart på det nye barnehageåret. 5 nye barn, 4 på Løvetann og 1 på Søtekruse. 6 stk har bytta avdeling. Tar litt tid før alle finner sin plass i gruppa; er ikkje minst lengre, har blitt størst etc. Har kome godt i gang med tema; brann og fiskesprell.
- Barnegruppa: 16 barn på Søtekruse, 2011-13 og 7 barn på Løvetann, 2014-15. 30 plassar alle dagar. I år har me 18 plasar på Søtekruse og 12 på Løvetann. Har stort sett ledig kapasitet til kjøp av dag alle dagar utanom tysdag. Kr 260,- pr dag.
- Personalet: ingen heilt nye i personalet i år. Hanne og Solveig tilbake frå permisjon. May Grethe vikariat. Personalet. Nokon nye vikarar i haust, personalet har feriedagar, er på kurs, sjukdom etc Står på tavla i garderobane når me har nye vikarar, samt at dei blir oppfordra om å helse på alle foreldre dei ikkje kjenne.

#### **Sak 2: Årsplan/ tema:**

Kjem ny Rammeplan i 2017. Har ikkje plukka ut spesifikke fagområder i år. Alle blir trekt inn i det vi gjør, men vi kjem til å jobbe mest med «Kommunikasjon, språk og tekst,» «Kropp, rørsle og helse» og «Tal, rom og form.»

#### **Andre overordna planar barnehagen forhold seg til:**

- Utviklingsplanen Luster oppvekstsenter
  - Språkutvikling
  - Psykisk helse
  - tidleg innsats
  - IKT
- Overordna kommunal Leseplan
  - er under revisjon
  - oppvekstbibliotek
- Den naturlege skulesekken
- Den språkutviklande samtalen
  - kommunal satsing, midler frå fylkesmannen
  - november og januar

#### **Kule krabatar leikar:**

Sosial dugleikstrening og tilrettelagt leikeaktivitet

- For barn frå 3-5 år
- To økter pr. veke i 6 veker (oppstart etter haustferien)
- 4-5 barn i gr.
- Raud: gr. 5 stk.
- 10-20 min «undervisning» + utprøving gjennom leik
  1. Å presentere seg sjølv og spørje nokon om å leike
  2. Å gje hyggelege kommentarar til kvarandre, seie kva ein liker og ikkje liker, og fortelje om egne interesser
  3. Trene på å ha passande augekontakt
  4. Vise kjensleuttrykk som glad og lei seg.
  5. Korleis kjenner vi at vi er redd, og trene på å slappe av

6. Kva kan ein gjere når nokon ikkje vil leike med deg  
Årsplan blir delt ut ca 20.10.16. Mange av punkta over er utdjupa i den. Har du innspel, forslag til endringar ol. så ta kontakt med Beate S. Vigdal eller Domink Dressel som er dykkar representantar i samarbeidsutvalet. Den endelege årsplanen blir vedtatt i samarbeidsutvalet 27.09.16.

### **Sak 3: Gruppearbeid: resultat brukarundersøkinga 2016**

Løvetann:

- noe ned på trivsel og tilgjengelighet
- Opp på snitt totalt

Søtekruse:

- opp på alle områder

Felles: tilgjengelighet

- Åpningstidspunkt
- Lukketidspunkt
- Mulighet for variert oppholdstid

Ein kommentar som gjekk på litt knapp åpningstid

1. Kva kan barnehagen endre/ gjere betre på desse områda:

Løvetann:

- At det er gøy i barnehagen
  - Gjer ein god jobb, veldig bra
  - Fokus på leik
  - Gjer mykje morosamt
- Godt vennskap med andre barn
  - Leggje til rette for at alle blir inkludert og har nokon å vere saman med
  - «hjelp til» i leiken
  - leikegrupper
  - Utvikle sosial kompetanse
- Informasjon om korleis ditt barn har det
  - Dei fleste informerar oss godt
  - Godt å få tilbakemelding om at ditt barn er sett i løpet av dagen
- Informasjon om det som skjer i barnehagen
  - Varierande om det er skrive på tavla
  - Veldig bra info
  - Positivt med info gjennom fleire kanalar

Søtekruse:

- At det er gøy i barnehagen
  - Uteleik
- Barnehagens inneområder (med omsyn til barnets utvikling, leik og læring)
  - Bra, kanskje litt lite
- Samarbeidsutvalgets arbeid for å sikre foreldrenes medvirkning
  - E-post adr. Til representantane på månadsplanen

2. Kva er barnehagen sin viktigaste oppgåve i forhold til ditt barn? (begge avdelingane)

- trivsel
- omsorg
- tryggleik, trygg på seg sjølv, på andre, i ukjente situasjonar
- bli sett og akseptert for den dei er
- sosial meistring
- grensesetting
- lære seg å omgås alle, ha det kjekt med andre
- få alle med på leiken, morosam leik

3. Kva kan vi bli betre på/ bør vi elles legge vekt på dette barnehageåret?

- gripe inn i situasjonar som kan oppfattast som ubehagelige
- følgje betre med på uteleiken
- me tykkjer de er flinke

- fortsett som før
- positivt med fokus på lek

Vi takker for mange gode innspel. Personalet vil jobbe vidare med synspunkta og forslaga. Noko gjer vi alt, og noko vil vi starte med/ gjøre meir av.

#### **Sak 4: Val av foreldrerepresentantar for 2016-17**

Leiar: Beate S. Vigdal (sit i SU)

Nestleiar: Dominik Dressel (sit i SU)

Vara: Tore M. Heggstad og Jo Bukve

#### **Sak 5: Ymse**

- Alle takstar for tur med bil i barnehagen er uendra; ingen innsigelsar  
Takstar:   kr 30,- for turar i nærmiljøet,  
              kr 40,- for turar innan kommunen,  
              kr 60,- for lengre turar
- 6-års tur: barnehagen sender ut eit skjema til dei det gjeld før påske. Vil innehalde spørsmål om maks pris og forslag om turmål. Kom gjerne med innspel i forkant.
- Sikring av barn i bil: vi ber om at alle sikrar barnet sitt forsvarleg i bilen. Også når andre leverer/ hentar. Eit dilemma for personalet om vi skal gripe inn.
- Huttiheiti: Barnehagen har fått åtvaring om å bruke uteområdet vårt «Huttiheiti». Årsaka var observasjon av relativt store endringar, særleg siste året, i fjellsida over området. Kommunen skal få ein geolog til å sjå på det..
- Prespas: forskningsprosjekt "Fysisk aktivitet hjå barnehagebarn i Sogn og Fjordane." Gjeld barn f. 2010-12. Blir videreført i 3 år til. Ein måling. Nytt samtykkeskjema.
- Støydemping: Barnehagen vil få støydemping i taket på siderom i løpet av hausten
- Blyantgrep er viktig, rettleid barna også heime. Vanskeligare å avlære feil grep enn å lære riktig med ein gong.
- Praktisk informasjon:
  - merk kle
  - sjekk strikkar i dressar og regnbukser
  - hyller og korgar skal tømmeast til siste helga i mnd.
  - hugs å gi beskjed viss barnet er sjuk/ skal ha fri evnt kjem seint.
  - veit du om at barnet ditt skal ha fri så gi beskjed med ein gong du veit.
- Heimesida: her kjem månadsplanar, oppskrifter, diverse informasjon og ikkje minst oppsummering av veka som var med bilete. Vekerapporten er som regel oppdatert seinast måndag kveld veka etterpå.
- Planleggingsdag 10. oktober, da er barnehagen stengt. Personalet skal på fagnettverk/ kurs.
- Haustferie 10. -14. oktober: av erfaring veit vi at nokre av barna i barnehagen tek fri når skulen har haustferie. Vi ynskjer å tilpasse bemanninga til behovet. Ferialapp. Frist: onsdag 28.09.
- Pr i dag er barnehagen feriestengt i veke 29 og 30. Er vedtektsfesta. Oppvekst har fått innspel på at det er ynskje om andre veker. Kan bli sak i SU i løpet av hausten.

### **Kl.19.00 Barnehagen og skulen, gym.sal i samfunnsbygget**

Sak 1: Oppvekstsenteret 2016-17

- Presentasjon av nye tilsette
- Oppmoding om å bruke heimesida og Facebooksida vår aktivt. Facebooksida er «hemmeleg», de må be om å bli medlem.

Sak 2: Felles arrangement/samarbeid i årsplanen

- Sommarles, fokus på leseglede. Luster skule vart beste skule i Luster 2015, og håpar på godt resultat i år også! (me vann! Red)
- Turdagar, td. Fjelltur
- Forut-aksjonen
- Morgonsamlingar annakvar fredag f.o.m. 18.september (merk: adventsamlingar dei fire siste fredagane før jul)
- Lesing i barnehagen; 5.klasse les ein førebudd tekst
- Den Naturlige Skolesekken (nytt prosjekt)

Sak 3: Dugnad; klatrestativ

- Viste bilete av nytt klatrestativ som er innkjøpt
- Treng dugnad frå føresette, helst før vinteren. Svein Tore Heltne organiserar dette.

Sak 4: Fellestema våren 2017; ønsjer

- Per Steinar Melås
- GK Resaland
- Litt yngre målgruppe denne gongen (nettvett i fjor vart for dei eldre?)
- Lesegledar
- Psykisk helse

Sak 5: Ymse

- Fotografering skule og barnehage: gruppearbeid. Heile skulen/bhg, viktig å få velje på førehand (eks på nett). Me har engasjert CB Foto som kjem i haust. Ingen kjøpeplikt.

### **Kl.19.30 Skulen, gym.sal i samfunnsbygget**

Sak 1: Luster skule 2016-17; Ordensregler

- Ordensreglane; ligg på heimesida under «Styringsdokument»
- Søknad om skulefri; inntil 2 dagar kan kontaktlærer gi fri, bruk meldingsboka. Utover 2 dagar og inntil 10 dagar, kan rektor gi fri. Bruk eige søknadsskjema (heimesida under «Samarbeid med heimen»).
- Olweus: me vart sertifisert i fjor. Klassemøter med tema som følgjer årsplanen, annakvar veke (i snitt). Årsplanen finn ein på heimesida. Olweus er førebyggjande tiltak, og alle klassane er deltakarar. Linda T Beheim er koordinator. Viste kort til elevundersøkinga; sjølv om ingen seier dei blir mobba, må ein alltid vere føre var.

Sak 2: Visma Flyt Skole (VFS); presentasjon

- Me tok systemet i bruk 01.08.16
- Alle heimane skal ha fått e-post med bruksanvisning 26.august 2016. Svein Tore viste korleis ein loggar seg inn og kva ein må gjere første gongen (m.a. oppdatere kontaktinformasjon og kvittere for samtykke)
- Lærarane og skulen har fått nye, 14-sifra telefonnummer som føresette skal/kan sende SMS til. Desse meldingane blir lagre i VFS. Ein skal derfor ikkje lenger sende meldingar på privatmobil eller bruke meldingsbok.
- Alt fråvær og all vurdering vil koma i VFS.
- Ta kontakt med skulen viss ein treng hjelp med VFS!

Sak 3: Val av foreldrerepresentantar FAU

- Val annakvart år (ein sit i 2 år unnateke 1.kl); 1.kl, 2.kl, 4.kl og 6.kl. Vart gjort i kvart sitt hjørne av salen
- Første møte i FAU er tysdag 27.september kl.17.00

Sak 4: Ymse

- Tenk sunt kosthald m.t.p. matpakke og drikke, fokus på fiber og proteiner, unngå søt drikke som saft/juice. Då held konsentrasjonen seg betre og ein held ut lengre.
- SFO i feriane; må søkje seg til Gaupne sfo. Frist ca 3 veker før kvar ferie.

Leksehjelp: inntil 2 timar gratis kvar veke for 4.-7.klasse. Innspel: synd at det ikkje føl med gratis skuleskyss.